

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Arvid Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 14/3975-6

### Saker til FFF 2014

Fylkesrådet for funksjonshemma tek meldingane til vitande.

#### Meldesak 1)

Regjeringa har gitt ut ein rettleiar i medverknad etter plan- og bygningsloven. Det er også ei eiga nettside knytt til denne - [www.planlegging.no](http://www.planlegging.no).

Det er ei viktig målsetjing å leggje til rette planprosessar som er opne, inviterande og inkluderande. Alle kommunale og fylkeskommunale råda for personer med nedsett funksjonsevne og eldre har ei viktig rolle i dette, jf. plan- og bygningslovens § 5-1 andre avsnitt. Departementet oppfordrar rådet til å ta aktiv del i arbeidet med å få best moglege planar.

#### Meldesak 2)

Planlegging av rutetilbodet frå 1. mai 2015.

Hovudutval for samferdsle (HS) ønskjer innspel/forslag til ruteendringar gjeldande frå 1. mai 2015. Samferdsledepartementet fastsette i 2013 nye retningslinjer for offentleggjering av ruteopplysningar for persontransport. Desse nye retningslinjene inneber at rutedata skal vere gyldige i minst 4 månader framover. Seinare vil det bli innført krav om at rutedata skal vere gyldige i 7 månader.

I praksis betyr denne endringa at rutetider som skal gjelde frå 1. mai 2015 må vere klare seinast 1. januar 2015. Endringa medfører også at rutetilbodet gjeldande frå 1. mai 2015 må avgjerast i samband med budsjettmøtet i fylkestinget i desember.

For å sikre tilstrekkeleg tid til utarbeiding av rutetabellane må HS handsame innspela i møtet 29. oktober.

Med dei kutt i overføringane frå staten som no ligg føre, vil det ikkje verte rom for utviding av rutetilbodet i 2015. Truleg vil det verte nødvendig med ein reduksjon av det samla rutetilbodet. Dersom de kjenner til ruter i kommunen som vert lite nytta, ynskjer HS å få tilbakemelding på dette. HS vil vurdere om ruta skal gjerast om til tingsingsrute eller leggjast ned for å frigjere midlar.

Innspel til endringar i rutetilbodet må vere samferdsleavdelinga i fylkeskommunen i hende snarast råd, men seinast 26. september 2014.

#### Meldesak 3)

"Vel blåst" Landskonferanse 19-20. august 2014. Innholdsrike konferansedagar for mennesker med nedsatt funksjonsevne blei helde på Scandic Hotell, Bystranda i Kristiansand.

Inspirasjon, kunnskap og nye kontakter blei utveksla på tvers av fylkesgrensene.

<http://www.vaf.no/aktuelt/vel-blaast-landskonferansen-19-20-august-2014/>